

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

Nidaros domkyrkje

[892] *NIDAROS DOMKRK XLI* (Tidlegare omtala NOR 1992: 11).

Innskrifta vart oppdaga i 1991 på vestfronten av kyrkja, 7 cm opp og til venstre frå N487 (Nidaros domkrk XIX). Ho er 96 mm lang og runene er 28-32 mm høge. Runene er lett rissa med skarp reiskap og er såleis så tynne i risset at dei er vanskelege å oppdaga. Det er likevel ikkje tvil om lese måten på noko punkt. R. 1 har tydeleg stav og øvre del av øvste boge.

Den nedre bogen er nokså skarpt vinkla. R. 2 er ein svært tynt rissa stav. Øvre og nedre del er godt synlege, midt-delen berre ved hjelp av steinlupe. Steinen kring den midtre delen av runa er så mykje forvitra at spørsmålet om ho har vore punktert eller ei, ikkje kan avgjerast. R. 3 har bevart stav og nedre del av lukka boge med kvist som tangerer staven i same punkt som bogen. Nedre del av staven bøyer aldri så lite mot leseretninga. R. 4. har godt bevart stav og nedre del av kvist til venstre ned frå toppen av staven. Eit tydeleg punkt mellom kvist og stav er bevart. Avstanden mellom r. 3 og 4 er større enn den mellom r. 4 og 5: 22 mm mot 14 mm frå stav til stav. R. 5 godt bevart rune med stav og to parallelle kvistar ned til venstre. R. 6 har godt bevart stav og lukka boge, jamvel om ein del er forvitra midt på. Kvisten og nedre delena av bogen tangerer staven i same punkt. Kvisten er dregen eit stykke under grunnlina for resten av innskrifta. Over r. 1 er det drege eit tynt riss parallelt med staven og gjennom bae bogane til eit stykke under grunnlina for runa. Sameleis er det drege eit riss på langs gjennom øvre kant av innskrifta frå r. 1 til og med r. 5. Risset stoppar mellom r. 5 og 6.

B I R 1 1 R

b i r d o r

Berdor "Berdor".

Personnamnet i den form det har i innskrifta med tydeleg **d** i andre samansetjingslekken, er språkleg ei vidareutvikling av *Bergþórr* m. Namnet er belagt i andre kjelder med forma *Berdor* frå byrjinga av 1300-talet og framover (jf. Lind 1905-15: 131f). I Nidaros er ein *Bærdor riki* nemnd i eit diplom frå 1328 (DN V: 75). Brevet dreiar seg om eit buoppgjær etter denne *Bærdor* som *þa var andader*, som det heiter. Det vil seia at den då nyss avdøydde namneberaren, som vi må gå ut frå var ein eldre mann, lyt ha fått

namnet sitt ein gong godt før år 1300. Nemnast bør også at gravsteinen etter ein *Berdor i Solvarargarðe* er bevart i domkyrkjekjellaren (Undset 1888: 53, No 27). Gardnamnet synest å vera kjent også frå Aslak Bolts jordebok frå første halvdel av 1400-talet (Munch (ed.) 1852: 49). Etter alt å dømma har såleis personnamnet *Berdor* vore godt kjent i Nidaros frå slutten av 1200-talet og framover. Runeinnskrifta har ingen merkeformer for nøyaktig tidfesting. Ei datering til tida kring 1300 er mogleg og rimeleg, men ikkje bindande.